

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 21.11.2022  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Ny eigarskapsmelding - Meld. St. 6 (2022-2023)**

**ARKIVSAK:** 2022/1056  
**STYRESAK:** **129/22**

**STYREMØTE:** **07.12. 2022**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

## Oppsummering

Sidan 2002 er det i kvar stortingsperiode lagt fram for Stortinget ei melding om staten sitt samla direkte eigarskap. Ny eigarskapsmelding blei presentert den 21. oktober 2022. Hovudlinjene i eigarskapspolitikken ligg fast, men gjennom meldinga vil regjeringa vidareutvikla og tilpasse eigarpolitikken til moglegheiter og utfordringar i dette tiåret med sikte på auka verdiskaping i heile Noreg og ein god og berekraftig forvaltning av det statlege eigarskapet.

## Fakta

Regjeringa la den 21. oktober 2022 fram for Stortinget den nye eigarskapsmeldinga, *Statens direkte eierskap i selskaper – Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap*.

Sidan 2002 er det i kvar stortingsperiode lagt fram for Stortinget ei slik melding om staten sitt samla direkte eigarskap. Siste melding kom i 2019. I eigarskapsmeldinga blir det gjort greie for kvifor staten eig direkte i selskap (del I), kva staten eig (del II) og korleis staten skal utøve sitt eigarskap, inkludert staten sine prinsipp for god eigarskapsutøving og staten sine forventingar til selskapa (del III).

## Kommentarar

Dei sentrale rammene for eigarpolitikken ligg gjennom denne eigarskapsmeldinga fast, og regjeringa legg til grunn allment kjente eigarskapsprinsipp, -standardar og konvensjonar. Samtidig har regjeringa vidareutvikla og tilpasse eigarpolitikken til moglegheiter og utfordringar i dette tiåret med sikte på auka verdiskaping i heile Noreg og ein god og berekraftig forvaltning av det statlege eigarskapet.

Dei vesentlege endringane i eigarpolitikken er følgjande:

- Omsynet til berekraft i statens sine mål som eigar er tydeleggjort og forsterka
- Nye og vidareutvikla grunngevingar for statleg eigarskap
- Grunngeving for kvifor staten er eigar, og staten sine mål som eigar er gjennomgått og oppdatert for kvart selskap
- Kategoriseringa av selskapa er forenkla og endra frå tre til to kategoriar
- Staten sine ti prinsipp for god eigarutøving er justert for å reflektere at staten skal vere ein aktiv og ansvarleg eigar med eit langsiktig perspektiv
- Fleire og tydelegare forventingar til selskapa, blant anna
  - Tydeleggjort og styrka forventingane til selskapa sitt arbeid med klima og nye forventingar til selskapa sitt arbeid med natur
  - Ny forventing om at selskapa inkluderer arbeidet med FN's berekraftsmål i selskapa sine strategiar og arbeidar aktivt med å følgje dette opp i dagleg drift
  - Tydeleggjort forventingar til selskapa sitt arbeid med menneskerettar og styrka forventing om anstendige arbeidsforhold
  - Ny forventing om at selskapa nyttar fag- og yrkesopplæring og læreplassar der det er relevant for selskapet

- Ny forventning til selskapa om at dei særskilt grunngjer høgare lønsjustering for leiande tilsette enn for selskapet sine andre tilsette
- Ny forventning om at selskapa i kategori 2 ikkje har egne bonusordningar for leiande tilsette. For selskapa i kategori 1 er forventinga om maksimalt tilleten bonusramme redusert frå 50 til 25 prosent
- Styrka forventning om at selskapa er leiande i arbeidet med openheit og rapportering

Det er forventa at det i føretaksmøtet i januar vil bli vist til ny eigarskapsmelding, og at det føretaksmøteprotokollen vil bli presisert korleis dei regionale helseføretaka skal følgje opp staten sine forventningar slik dei er kome til uttrykk i meldinga.

Vedlegg:

Meld. St. 6 (2022-2023) Statens direkte eigarskap i selskap – Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap